

KONSESJONSSØKNAD FOR STORELVI KRAFTVERK



ULLENSVANG HERAD

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

23.02.2011

Søknad om konsesjon for bygging av Storelvi kraftverk

Storelvi kraftverk AS ynskjer å utnytte vassfallet i Storelvi i Ullensvang kommune i Hordaland fylke, og søker hermed om følgjande løyve:

1. Etter vassressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Storelvi kraftverk
- å overføre vann fra Vetleelvi og Matbekken til Storelvi

2. Etter energiloven om løyve til:

- bygging og drift av Storelvi kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrive i søknaden.

Naudsynte opplysningar om tiltaket framkjem av vedlagte utredning. Me ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Det er inngått avtalar med alle grunneigarane om fall-leige og andre rettar med omsyn på ei realisering av prosjektet.

Venleg helsing

Kjetil Heimvik
Dagleg leiar
Storelvi kraftverk AS

Kjetil Harestad
Styreformann
Storelvi kraftverk AS

Samandrag

Storelvi i Ullensvang kommune, Hordaland Fylke, skal nyttast til kraftproduksjon ved bygging av Storelvi kraftstasjon. Storelvi renn ut i Sørfjorden, ved Sekse, i Ullensvang kommune.

Alle planlagde tekniske inngrep i samband med denne utbygginga vert i Ullensvang kommune.

Utbygginga vert presentert i to alternativ.

- Alt. 1. Storelvi og Vetleelvi med overføring av Matbekken
- Alt. 2. Storelvi og Vetleelvi utan overføring av Matbekken

Storelvi Kraftverk vil nytte avløpet frå eit felt på 5,3 km² / 4,4 km² hhv. alt. 1 og alt. 2 i eit 645 meter høgt fall i Storelvi mellom kote 650 og kote 5.

Hovuddata for utbygginga (Data for alt. 2 i parentes):

Fylke	Kommune	Gnr/Bnr	
Hordaland	Ullensvang	79/10, 79/18, 79/21, 80/1, 80/2, 80/3, 81/1, 81/2-3-7, 81/5, 81/6-13, 81/9, 81/31, 83/1, 83/2, 83/3, 84/1, 84/2, 84/3	
Elv	Nedbørsfelt, km ²	Inntak kote, moh	Utløp kote, moh
Storelvi	5,3/(4,4)	650	5
Slukeevne maks, m ³ /s 0,8/(0,7)	Slukeevne min, m ³ /s 0,04/(0,03)	Installert effekt, MW 3,9/(3,3)	Produksjon pr. år, GWH 13,9/(11,8)
Utbyggingspris, NOK/kWh 1,94/(2,19)		Utbyggingskostnad, mill. NOK 26,9/(25,9)	

Prosjektet som er omsøkt er lite konfliktfyldt. Det er registrert 7 moseartar i dei tre vassdraga som er sjeldne eller fåtallige i regionen. Samtlege moseartar får liten - middels verdi. I tillegg er naturbeitemarka frå Sandstå og opp til kote 100 gitt middels - stor verdi, og bekkekløfta i Storelvi ved kote 300-400 er gitt middels verdi. Området er ikkje brukt som turplass til rekreasjon, og det er ikkje merka turstiar i området. Med unntak av nokre fossefall ovanfor inntak er ikkje elva synleg i landskapsbiletet på grunn av djupe kløfter og til dels mykje overhengande vegetasjon. Den samla konsekvensen i rapporten for biologisk mangfold konkluderer med liten til middels liten konsekvens.

Då tiltaket kan ha negativ verknad for moseartar i influensområdet er det lagt opp til slepp av minstevassføring for å oppretthalde tilhøva for desse artane.

Innhald

1 Innleiing	5
1.1 Om søkeren.....	5
1.2 Begrunning for tiltaket.....	5
1.3 Geografisk plassering av tiltaket	6
1.4 Dagens situasjon og eksisterande inngrep.....	6
1.5 Samanlikning med øvrige nedbørfelt/nærliggende vassdrag.....	7
2 Skildring av tiltaket	8
2.1 Hovuddata	8
2.2 Teknisk plan for det omsøkte alternativ.....	9
2.3 Kostnadsoverslag	13
2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket	13
2.5 Arealbruk og eideomsforhold	14
2.6 Forholdet til offentlige planer og nasjonale føringer.....	14
3 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn	18
3.1 Hydrologi.....	18
3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	20
3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon.....	20
3.4 Biologisk mangfald	20
3.5 Fisk og ferskvassbiologi.....	21
3.6 Flora og fauna	21
3.7 Landskap	22
3.8 Kulturminne.....	23
3.9 Landbruk.....	24
3.10 Vasskvalitet, vassforsyning- og recipientinteresser	24
3.11 Brukarinteresser	24
3.12 Samiske interesser	24
3.13 Reindrift	24
3.14 Samfunnsmessige verknader	24
3.15 Konsekvensar av kraftlinjer	24
3.16 Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøy.....	25
3.17 Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløysningar.....	25
4 Avbøtande tiltak.....	25
5 Referansar og grunnlagsdata.....	27
6 Vedlegg til søknaden.....	28

1 Innleiing

1.1 Om sokjaren

Tiltakshavar for Storelvi kraftverk er Storelvi Kraftverk AS, heretter omtala som SK. SK er eit nystifta selskap som har til formål å arbeide med bygging og drift av kraftverk i Storelvi i Ullensvang kommune. Selskapet er eigd av Sunnhordland Kraftlag (100 %).

Sunnhordland Kraftlag AS

Sunnhordland Kraftlag AS, SKL, er eit ålmennnyttig aksjeselskap som har til føremål å kjøpe og nytte kraftkjelder, og å bygge kraftanlegg og overføringsanlegg. SKL er eigd av kommunar og kraftlag i Hordaland og Nord-Rogaland. 76 % av aksjane er i offentleg eige direkte. Resten av aksjane er eigde av lokale kraftlag, organiserte som partseigarlag (samyrkelag).

SKL driv i dag 8 sjølege kraftverk i Kvinnherad, Fusa og Stord kommune. I tillegg er kraftlaget medeigar i Sima kraftanlegg i Eidfjord kommune med ein eigardel på 8,75 %. Total middels årsproduksjon er om lag 1625 GWh, med ei samla yting på 488 MW. Selskapet har hovudkontor på Leirvik i Stord.

1.2 Begrunding for tiltaket

SKL og dei aktuelle grunneigarane i Storelvi i Ullensvang kommune, Hordaland Fylke har inngått ein samarbeidsavtale om utbygging og drifting av eit fall i Storelvi og ei overføring av Matbekken og Vetlelv. Avtalen inneber at grunneigarane gjev SK rett til bygging og drift av det planlagde kraftverket som nyttar fallet mellom kote 650 og kote 5.

Kraftverket vil gjennom ei realisering vera ei viktig kjelde for inntekt til grunneigarane. Tradisjonelt landbruk erfpar i dag sviktande inntekter, og det er difor viktigare no enn tidligare at ein kan gjere seg nytte av dei ressursane som brukar har tilgjengeleg. Mangen av grunneigarane som SKL har inngått avtale med er heil- eller deltidsgardbrukarar. inntektene som dette prosjektet genererer er såleis viktig for vidare drift og satsing på dei forskjellige brukar. Gjennom dette kan ein og sikre framtidig landskapspleie og stell av kulturlandskapet som heile Sørfjorden er kjent for.

For utbyggaren vil bygginga av Storelvi kraftverk auka tilgangen av ny fornybar energi, noko som er viktig lokalt, regionalt og nasjonalt. SKL ser det òg som ei oppgåve å bidra til lokal næringsutvikling, og tiltaket fell naturleg inn i dette.

Bygginga av Storelvi kraftverk vil i anleggsperioden gje auka aktivitet til lokale entreprenørar og leverandørar. Utnyttinga av dei lokale energiressursane vil gje auka skatteinntekter til mellom anna kommunen, og vil såleis bidra til å oppretthalde tjenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen.

Tiltaket har ikkje vore vurdert etter vassressurslova tidligare.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Prosjektområdet for Storelvi kraftverk er lokalisert til Sandstå, Ullensvang kommune i Hordaland fylke. Storelvi munnar ut i Sørfjorden, om lag 21 km nord for Odda. Kartreferanse for Storelvi kraftverk er kartserie M711-kart med målestokk 1:50000; kart Ullensvang, blad 1315 I og kart Ringedalsvatnet, blad 1315 II.

Me viser elles til kart over området i vedlegg 1 og 2.



Figur 1: Prosjektområdet for Storelvi kraftverk AS (blå sirkel) og vassdraget for Storelvi, Vetleelvi og Matbekken (oransje område).

1.4 Dagens situasjon og eksisterande inngrep.

Frå Vatnasetevatnet på kote 1181 renn vatnet gjennom Svortetjørn på kote 1137. Ved utløpet av Svortetjørn deler avrenninga seg i to elvar, Vetleelvi og Storelvi. Det er Storelvi som er den dominante elva, medan Vetleelvi har svært varierende vassføring. Matbekken har sitt utspring frå tre tjørn på om lag kote 1187 nord for Vatnasetevatnet. Desse elvane renn ned til utløp i sjø ved Sandstå gjennom til dels kupert og vanskeleg tilgjengeleg terren. Storelvi kraftverk har eit samla nedbørsfelt på om lag $5,3 \text{ km}^2$ (Storelvi / Vetleelvi $4,4 \text{ km}^2$ og Matbekken $0,9 \text{ km}^2$). Det er i dag ingen kjente reguleringar i vassdraget.

Ved om lag kote 85 går det i dag ei 22 kV linje som går frå Odda til Kinsarvik. Linja passerer Storelvi om lag 150 meter aust for den planlagde stasjonsplasseringa. Det er samtalar med områdekonsesjonær (Indre Hardanger Kraftlag AS) om tilknyting og leveranse til det eksisterande 22 kV nettet.

Langs Sørfjorden går riksveg 13. Riksvegen kryssar Storelvi om lag 10 meter frå elveosen. Elva er lite synleg frå vegen, men frå Vikebygd på motsatt side av Sørfjorden er det nokre fall som er godt synlege ved høg vassføring. Desse falla vil ikkje bli påverka av utbygginga då inntak vil bli plassert nedanfor falla.

Det er noko busetnad i området, og største delen av dyrka mark er nytta til fruktdrift. Det er i samband med denne drifta lagd ein god del traktorvegar i området, og ein vil prøva å gjere seg nytte av desse traseane med tanke på tilkomst til kraftstasjon og inntak. Vegane i dei nedste delane av prosjektområdet er i nokså god stand og fullt brukbare, men i dei midtre og øvre delane av prosjektområdet vil det vera behov for opprusting og oppretting av nye vegar. Det er ein dialog med dei aktuelle grunneigarane om plassering i terrenget slik at dei og kan gjere seg nytte seg av desse vegane i forbindelse med landbruksinteresser.

Det vart i frå midten av 1950 og utover i 1960 åra planta til dels store granfelt i området, som vart finansiert av den norske stat. Ein vil tru at intensjonen med denne utplantinga var framtidig verdiskaping for landbruket, og at ein i så måte planla uttak av dette trevirket. Til no har ikkje desse verdiene vore mulig å henta ut, men ved ei realisering av prosjektet vil desse kunna utnyttast. Grunneigarane har fått kartlagt kor mykje skog dei kan få løyst ut ved ei realisering av kraftverket, då med ein permanent skogsveg opp til om lag kote 400. Det er i dag, fordelt på 3 bruk, om lag 3000 m^3 med hogstmogen granskog og om lag 600 m^3 med hogstmogen lauvskog. Dette vil i dagens situasjon gje ein nettoverdi i størrelsesorden 400-500 tusen. I tillegg kjem sysselsettingseffekt, og då arbeidsinntekt, dersom grunneigarane vel å ta ut virket sjølv.

Det er halde eit møte mellom utbyggingsselskapet, Ullensvang herad og grunneigarane som får skog løyst ut som følgje av tiltaket. Her la utbyggingsselskapet fram prosjektet, medan grunneigarane la fram sine synspunkt. Heradet var positive til prosjektet og meinte det var ein stor fordel at prosjektet òg løyser ut fleire nye ressursar for grunneigarane.

1.5 Samanlikning med øvrige nedbørfelt/nærliggende vassdrag

Etter det som er gjort kjend for oss er det inngått avtalar med utbyggingsselskap med tanke på utarbeiding av konsesjonssøknad, bygging og drift av vassdraga Børveelva og Deildo. Børveelva er lokalisert om lag 2 km nord for Storelvi og har ein berekna produksjon på om lag 7 GWh, medan Deildo er lokalisert om lag 4,5 km nord for Storelvi, og vil ha ein produksjon på om lag 13 GWh. Det er ikkje kjennskap til fleire planar for områda i nærleik til dette prosjektområdet.

2 Skildring av tiltaket

2.1 Hovuddata

Storelvi kraftverk, hovuddata			
TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	5,3	4,4
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	12,9	11,1
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	77	77
Middelvassføring	l/s	424	352
Alminnelig lavvassføring	l/s	22	17
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	154	127
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	18	15
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	650	650
Avløp	moh.	5	5
Inntak Matbekken	moh.	840	-
Overføringsrøyr, lengde	m	700	-
Overføringsrøyr, diameter	mm	300	-
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	4700	3200
Brutto fallhøgde	m	645	645
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	1,33	1,36
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,82	0,68
Slukeevne, min	m ³ /s	0,04	0,03
Tilløpsrøyr, diameter	mm	500	500
Tilløpsrøyr, lengde	m	1400	1400
Installert effekt, maks	kW	3900	3400
Brukstid	timer	1430	1430
MAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³	-	-
HRV	moh.	650	650
LRV	moh.	650	650
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	5,6	4,8
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	8,3	7,1
Produksjon, årlig middel	GWh	13,9	11,9
ØKONOMI			
Utbryggingskostnad	mill.kr	26,9	25,9
Utbryggingspris	kr/kWh	1,94	2,18

Storelvi kraftverk, Elektriske anlegg			
GENERATOR			
Yting		MVA	3,9
Spenning		kV	6,6
TRANSFORMATOR			
Yting		MVA	3,9
Omsetning		kV/kV	22
NETTILKNYTING (kraftlinjer/kabel)			
Lengde		km	170
Nominell spenning		kV	22
Luftlinje el. jordkabel			Jordkabel

2.2 Teknisk plan for det omsøkte alternativ

Hydrologi og tilsig

Den hydrologiske rapporten; vedlegg nr. 8, er utarbeidd av NVE 25.10.2007

Det er ikke utført vassmålinger i vassdraga. Nedslagsfeltet til den planlagde kraftstasjonen er for hovudalternativet 5,3 km². Størrelsen på restfeltet mellom inntak og utløp er om lag 1,34 km², og har et middelavløp på om lag 61 l/s.

Data for det aktuelle nedbørsfeltet:

Felt navn	Inntak kote (m.o.h)	Areal ¹ ved inntak (km ²)	Eff. Sjø (%)	Snaufjell (%)	Høydeforskell (m.o.h.)	Avrenning ² (l/s·km ² - m ³ /s - mill.m ³ /år)	Usikkerhet ±20 % (m ³ /s)
Alt_1 ³ (Felt B)	650	4,23	3,0	90	650 - 1394	83 - 0,351 - 11,07	0,281 - 0,421
Felt A	850	1,07	0,0	99	850 - 1300	80 - 0,085 - 2,69	0,068 - 0,102
Alt_2 ⁴ (Felt A + Felt B)	650	5,30	2,4	92	650 - 1394	82 - 0,437 - 13,78	0,350 - 0,524


¹Arealberegnet fra kart i målestokk 1:50 000 i Kartulf. Se figur 1

²Middelavrenning og årsavrenning er hentet fra NVE digitale avrenningkart for normalperioden 1961 – 1990

³Alt._1 = Felt B

⁴Alt._2 = Felt B + Felt A (overføring av Matbekken)

Tabell 1: Kvantitativ skildring av tiltaket



Figur 2: Kart med innteikna nedbørsfelt

Analysane i rapporten er basert på ei samanlikning og skalering i høve til tidsseriar for avløp frå målestasjonar i nedbørsfelt med liknande avløpstilhøve. Det er 2 målestasjonar i området: 46.7 Brakhaug og 48.5 Reinsnosvatn. Karakteristika for desse vassmerka samanlikna med Storelvi er desse:

Stasjon	Måle-periode	Feltareal (km ²)	Snaufj (%)	Eff. sjø (%)	Q _N (l/s-km ²)	Q _m (l/s-km ²)	Høydeint. (moh.)
46.7 Brakhaug	1973 - 2006	9,21	83	0,3	118	122,8	177 - 1 281
48.5 Reinsnosvatn	1917 - 2007	121	76	3,2	76	75,1	595 - 1 637
Felt A	-	1.07	99	0,0	80	-	850 - 1 320
Felt B (Alt_1)	-	4,23	90	3,0	83	-	650 - 1 394
Felt A + Felt B (Alt_2)	-	5,30	92	2,4	82	-	650 - 1 394

Q_N betegner årsmiddelavrenningen i perioden 1961-90 beregnet frå NVEs avrenningskart.

Q_m betegner middelavrenningen beregnet for observasjonsperioden til målestasjonen

Tabell 2: Feltkarakteristikk

For ytterligare informasjon av hydrologien sjå pkt. 3.1 og vedlegg 8.

Inntak, overføringar og reguleringar

Tiltaket er planlagt utan reguleringsmagasin. Me viser til vedlegg 1 og 2 i for oversiktskart og detaljkart.

Matbekken, som er ein sidebekk til Storelvi, er planlagt overført til inntaksbasseng frå om lag kote 840. Det vil bli laga ein liten sperredam i Matbekken, anslått til om lag 2 meter høg og 4 meter brei. Det vert så grave ned eit om lag 700 meter langt 300 mm PE rør, som føres ut i inntaksbassenget. Maks kapasitet på overføringa vil vera om lag 0,3 m³/s.

Det er i dag uvisst kor mykje vatn som renn ned Vetleelvi ettersom både Storelvi og Vetleelvi deler same felt, men i følgje den biologiske rapporten som har blitt utarbeida i samband med dette prosjektet kan det virke på det biologiske mangfalde virke som om Storelvi har noko høgare vassføring. Det er planlagd ein liten terskel for leiring av vatn inn i Storelvi, denne terskelen er anslått til om lag 4 meter brei og 1 meter høg. Det er uttak i både Storelvi og Vetleelvi, både til drikkevatn og til vatning av frukttre. Utbyggjar garanterer sjølv sagt at desse behova vil få prioritet framfor kraftproduksjon. Dette kan sikrast enten ved slepp av meir vatn, eller ved andre tiltak. (f.eks boring av grunnvassbrønnar).

Hovudinntaket var opphavleg planlagt noko høgare oppe, men er no trekt ned til kote 650 med omsyn til landskapsbiletet. Høgda på inntaksdammen er varierande, men på det høgste om lag 4 meter, med ei kronelengde på om lag 15 meter. Overløpet er tenkt plassert 1 meter under damkrona. Inntaksdammen vil få eit fast overløp på om lag kote 654. Sjølv inntaksdammen er planlagd som ein gravitasjonsdam av betong med fast overløp. Overløpet vil bli utforma slik at dei naturlege vassvariasjonane ikkje vil auka.



Figur 3: Bildemontasje av inntak. Dam (raud), inntakshus(oransje) og røyrgate(blå).

Det vil bli etablert eit inntak med rist og luke i dammen. Dammen vil på synlege overflater bli "plastra" med egna stein for å falla mest mogleg inn i terrenget. Forslag til klassifisering av dammen kjem fram av vedlegg "Klassifiseringa av dammar og trykkkrøy" som følgjer søknaden. Dimensjonering av inntak og dam vil bli gjort i detaljeringsfasen av prosjektet.

Røyrgate

Me vises til vedlegg 1 og 2 for oversiktskart og detaljkart.

Den planlagde røyrgata vil bli nedgraven i terrenget med ein overdekning på om lag 0,5 – 1,0 meter.

Frå planlagt kraftstasjonsplassering og opp til kote 350 synest terrenget godt egna for framføring av røyrgate, trass i at det er relativt bratt. Det er utbygd ein del traktorvegar i området, og ein er rimeleg sikker på at det er mykje lausmassar i denne delen av traséen. I den midtre delen av traséen, frå kote 350 til kote 450, må det påreknaust ein del sprenging då det er ein del synleg fjell i dagen. Frå kote 450 og opp til inntak er det vekslande forhold med ein kombinasjon av noko fjell i dagen og lausmassar.

Felles for heile røyrgata er at terrenget er relativt bratt, i snitt kan ein seia at terrenget har ein fallprosent på om lag 28 grader.

Den totale lengda av røyrgata er om lag 1400 meter, og ein reknar med både litt sprenging og ein del skogshogst som følgje av framføring av røyrraséen. Den gjennomsnittlege breidda av røyrraséen vil under konstruksjonsfasen vera om lag 20 meter.

Tunnel

Under vurdering av vassveg har det vore vurdert om det var mulig med borhol fra inntak og ned til stasjonsplassering. Etter nøgnare evaluering av topografien viser det seg at det nede ved stasjonsplassering er langt til fjell og at terrenget dermed er uegna for dette. Kostnaden ved konstruksjon av borhol vart òg uforholdsmessig stor og det er dermed vurdert til at det er uaktuelt med borhol for dette prosjetktet. Dersom denne teknologien skulle endre seg i framtida, vil borhol vera eit alternativ som kan vera aktuelt for deler av vassvegen

Kraftstasjonen

Me viser til vedlegg 2 og 4 for detaljkart og teikningar av stasjon.

Kraftstasjonen blir liggjande i dagen, og delvis senka i terrenget. Sjølve turbinsenteret vil ligge på om lag 4 meter. Kraftstasjonsplassering har to alternativ, eit på oppsida av riksvegen og eit på nedsida av riksvegen. Det er forholdsvis flatt terreng der stasjonen er tenkt plassert, og det vil bli lagt vekt på å tilpasse utforminga av kraftstasjonen i tråd med arkitekturen i området. I stasjonen vert det plassert eit pelton aggregat med effekt på om lag 3,9 MW. Aggregatet vil med ei brutto fallhøgd på 645 meter ha ei slukeevne på om lag $0,82 \text{ m}^3/\text{s}$. Minste slukeevne vil vera på om lag $0,04 \text{ m}^3/\text{s}$. Generatoren vil få ei yting på om lag 3,9 MVA med antatt generatorspenning på 6,6 kV. Transformatoren får same yting og ein omsetning frå generatorspenning til 22 kV.

Vegbygging

Me viser til vedlegg 1 og 2 for oversiktskart og detaljkart.

I samband med fruktdyrking er det ein del eksisterande vegar i området. Felles for desse er at dei er smale og til dels därleg fundamentert med tanke på at større maskinar skal komme fram i samband med utbygginga. Det har derfor vore (som nemnd i pkt. 1.4) ein dialog med dei aktuelle grunneigarane om framføring av nye vegar i området, både for å betre framkommeligheten for grunneigarane med tanke på ressursbruk av nye område, og med tanke på å skåne eksisterande landbruksområde. Det er planlagd ny veg av god kvalitet (skogsbilveg) frå stasjonsplassering og opp til kote 400. Frå kote 400 og opp til inntak er det planlagt ein midlertidig anleggsveg som, om det er teneleg, vil verta fjerna etter anleggsarbeidet med inntak og framføring av røyrgate er unnagjort. Veg frå stasjon og opp til kote 400 er tenkt permanent, og at grunneigarane får høve til å vera med å planlegge denne slik at dei kan dra stor nytte av den med tanke på anna ressursbruk i området. Dersom prosjetktet vert ein realitet, vil det for grunneigarane ha stor verdi om vegen vert permanent. Det er store ressursar å hente ut med tanke på skogbruk, men vegen vil og i aller høgste grad legge tilhøva betre til rette for framtidig drift og utnytting av områda.

Nettilknyting (kraftlinjer/kablar)

Me viser til vedlegg 2 for detaljkart. Straumen som blir produsert i kraftstasjonen vil bli ført i ein 95 mm² kabel som vert nedgraven i samband med legging av røyrgata. Kabellengda vil verta om lag 200 meter frå trafo i stasjon, og fram til eksisterande 22 kV linje som tilhører den lokale områdekonsesjonæren, Indre Hardanger Kraftlag AS. Det er sett i gong ein dialog med områdekonsesjonær med tanke på linjetillknyting (sjå vedlegg 5).

NVE utførte i 2009 ei undersøking på nettkapasiteten i området, og Storelvi kraftverk fekk med dette utsetjing på si handsaming av søknaden på grunn av prioriteringa i NVE.

Konklusjonen i NVE sitt brev var at det overordna nettet var fullt utnytta, og at det er liten moglichkeit for å knytte til ny kraftproduksjon før dette nettet er opprusta.

Massetak og deponi

Massar frå fjellgrøfter og inntaksområde har veldig varierande kornstørrelse, og den kan såleis vera uegna til bruk som omfyllingsmassar i grøfter. Det skal etter planane lagast nye vegar i området, og ein vil trenge massar til dette bruket. Desse massane vil bli tilkjørt etter behov, medan overskytande massar vil bli vekkjørt. Behov for eit lokalt massetak er dermed ikkje naudsynt.

Kjøremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vil utelukkande kjøre på tilsig frå nedbørsfeltet, og vil bli styrt frå driftsentralen til Sunnhordland Kraftlag AS. Utbyggjar vil leggja vekt på å legge forholda til rette for best mogleg forhold mellom både miljø og økonomi. Då det ikkje er noko reguleringsmulighetar for kraftverket, er det ikkje mogleg å drive effektkjøring

2.3 Kostnadsoverslag

Storelvi Kraftverk	mill. NOK
Overføringsanlegg	0,7
Inntak/dam	1,0
Driftsvassvegar	7,2
Kraftstasjon, bygg	2,0
Kraftstasjon, maskin og elektro	10,4
Kraftlinje	0,3
Transportanlegg	0,8
Div. tiltak	0,2
Uforutsett	2,0
Planlegging/administrasjon.	1,0
Finansieringsutgifter og avrunding	1,3
Sum utbyggingskostnader	26,9

Figur 4. Kostnadsoverslag basert på 2007 prisnivå

2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket

Fordeler

I tillegg til lokal, regional og nasjonal kraftoppdekning, gjev kraftverket inntekter til grunneigarar, kommunen og staten. Kraftverket vil bidra til å oppretthalde lokal busetjing og bruk av lokal arbeidskraft. Det er forventa at kraftverket, under anleggsperioden, vil sysselsette 5-6 årsverk.

Ved bygging av nye vegar i området vil ein gjere det lettare for grunneigarane å ferdast i området og gjev grunneigarane nye næringsgrunnlag som til dømes uttak av skog.

Dersom ein samanliknar produksjonen ved Storelvi kraftverk med tilsvarende produksjon ved eit kol Kraftverk sparar ein miljøet for 11200 tonn CO² årleg, eller utsleppet til 747 nordmenn.

Ulemper

Redusert vassføring i Storelvi kan føre til vanskelige tilhøve for nokre moseartar og at ein i anleggsfasen midlertidleg vil beslaglegge areal som følgje av tiltaket. Slepp av minste vassføring er venta å dempe dette utfallet for tilhøva for mosen. Ettersom det er uttak av vatn i Vetleelvi til drikkevatn og vatning for 3-4 bruk, vil dette kunne medføre ulemper for dei berørte grunneigarane. Utbyggingselskapet vil garantere for ei stabil vassforsyning dersom det skulle vise seg å oppstå ulemper ved for eksempel å lage til grunnvassbrønnar.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Beskriving	Anleggsfasen [m ²]	Permanent [m ²]
Trasé for overføring av bekkar med inntak	1800 300	300 100
Dam med inntak	0	100
Inntaksbasseng	8400	0
Trase for tilløpsrør	0	0
Jordkabel	4200	2800
Veg til kote 400	100	40
Veg til stasjon		
Totalt areal	14800	3340

Figur 5. Arealbruk

Eigedomsforhold

Grunneigaroversikt er vist i vedlegg 6. Dei er rettshavarar til både fallrettar og areal som er naudsynt for å bygge Storelvi kraftverk. Storelvi kraftverk AS og grunneigarane har inngått ein avtale om eit samarbeid om utbygging og drift av Storelvi kraftverk. Denne avtalen gjev og Storelvi Kraftverk AS alle naudsynte rettar på grunneigar sin eigedom for å realisere ei utbygging.

2.6 Forholdet til offentlige planer og nasjonale føringer

Skildring av tiltakets status i forhold til:

Kommuneplan –

Arealet er i sin heilskap avsett nytta til landbruksføremål.

Samla plan for vassdrag (SP) –

I februar 2005 vedtok Stortinget at Samla plan vart avvikla for prosjekt under 10 MW/50 GWh. Kraftverket det vert søkt om har ein installasjon under 10 MW og er dermed friteke for behandling i Samla Plan. Vassdraga er ikkje med i Samla plan (SP)

Verneplan for vassdrag –

Vassdraga er ikkje med i nokon verneplan for vassdrag, eller supplering av verneplan for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag –

Ingen av vassdraga er med i nasjonale laksevassdrag.

Ev. andre planer eller beskytta områder –

Fylkesdelplan for småkraftverk -

Sørfjorden er i denne planen tatt ut som eit eige delområde. Det vert konkludert med at sørkjorden har eit stort potensiale for småkraftverk samtidig som landskapet i området har stor verdi, og er nasjonalt viktig for reiselivet.

Vidare vert det skrive at utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpasning av tekniske inngrep. Det vert og påpeika at det er viktig å vurdere sumverknad for området ved nye prosjekt.

Storelvi, Vetleelvi og Matbekken har ingen eksponerte fossar i vassdraget. Nedstraums inntaket går elva i trange, bratte juv som er skjult for innsyn på grunn av tett lauvskog.

Dei tekniske tilpasningane som er mest aktuelle her er estetisk utforming av kraftstasjon, samt noko tiltak knytta til inntak. Dette er ting som vil verta vektlagt frå utbyggaren si side, og vil verta presanterte som ein del av detaljplanane som skal godkjennast av NVE.

Når det gjeld vurdering av sumverknad av utbyggingar i området har alle utbyggjarar gått saman og fått utarbeidd ein rapport for sumverknadar, og er omtala i punktet under.

Rapport om sumverknader av småkraftutbygging i Sørfjorden

På grunn av fleire utbyggingar i området er det laga ein rapport av Miljøfaglig utredning AS som skildrar sumverknadane av dei planlagde utbyggingane i Sørfjorden.



Figur 6: Plassering av alle tiltak i Sørkjorden

Storelvi kraftverk er lokalisert til delområde 3. Dette delområdet får denne konklusjonen på sumverknad i rapporten:

En strekning av Kaldåni er allerede utbygd. Mikrokraftverket berører en kort strekning (495-335) som er lite eksponert. Inngrepet inngår i nåsituasjonen. Reisæter minikraftverk i øvre deler av Bleia (480-280) er også utbygd (2009).

Det foreligger planer om småkraftutbygging i Bleia (Bråberg kraftverk), i Skiparvikselvi (Skiparvik kraftverk) på vestsida av Sørkjorden. På østsida er det planlagt utbygging i Matbekken og Storelvi (Storelvi kraftverk).

Det er i hovedsak planene i Bleia (Bråberg kraftverk) som berører delstrekninger av nedløpselver med


vesentlig inntrykksstyrke og som bidrar til landskapets karakter. Selv om inntaket er plassert nedenfor den delstrekningen med størst inntrykksstyrke (kategori V), så er likevel den korte, berørte delstrekningen av Bleia plassert i kategori IV.

Flaskevannsprodusenten Isklar AS har allerede sin vannkilde i området, men uttaksvolumet er så begrenset at det ikke har fått betydning for kategoriseringen.

Storelvi bidrar mindre til landskapskarakteren (kategori II), og prosjektet er også betydelig mindre konfliktfull.

Inngrepsfrie naturområde (INON) –

Ved utbygging av dette prosjektet vil det dermed bli ein reduksjon av INON sone 2 på om lag $3,1 \text{ km}^2$ og INON sone 1 på $1,1 \text{ km}^2$.



Figur 7: Reduksjon av INON sone 1 og 2 (oransje område). Eksisterande INON område markert med grønt.

Alternative utbyggingsløysningar

Det er blitt søkt om utbygging etter to alternativ. Hovudalternativet omfattar utnytting av tre elvar/bekkar (Storelvi, Vetleelvi og Matbekken), medan alternativ 2 omfattar utnytting av to elvar/bekkar (Storelvi og Vetleelvi).

Storelvi er elva som skil seg ut med god vassføring, medan dei to andre elvane/bekkane har svært ustabil vassføring i dag. Forskjellen på dei to alternative er som sagt overføring av Matbekken, og etter vurdering er hovudalternativet valt ut frå produksjonen og økonomien i dei forskjellige prosjekta, samt at dei mulige biologiske konsekvensane vil vera dei same enten ein vel å ha med Matbekken eller ikkje.

3 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi


I vurderingane for miljø er det vurdert større områder enn trasèer som er markert på kart. Mindre endringar av trasear vil dermed ikkje å gje uførutsette verknadar på dei ulike miljøtema og behov for nye utredningar.

Av dei tre elvane som er i omfatta av dette prosjektet er Storelvi den største, og mest dominante. Likevel er ikkje denne elva godt synleg i landskapsbiletet, bortsett frå nokre fossefall ovanfor inntaket som er synlege ved høg vassføring. Elvane har dominante haust og vårflaumar, der lågvassføring inntreff som oftast om vinteren. Vassføringa i dei omfatta vassdraga (Storelvi, Vetleelvi og Matbekken) er berekna ut frå målingar i eit nærliggande vassmerke (46.7 Brakhaug). Dette vassmerket er lokalisert i Kvinnherad kommune, om lag 21 km sørvest for Storelvi. NVE har berekna 5 persentil sumarvassføring i hhv. Storelvi og Matbekken til 127 l/s og 27 l/s medan 5 persentil vintervassføring for dei same elvane er 15 l/s og 3 l/s.


For eit år med normal avrenning vil det vera 41 dagar med overløp forbi inntaket, og 38 dagar der tilløpet er mindre enn minste slukeevne. Det er lagt til grunn ei minstevassføring i Storelvi på 22 l/s som er lik alminneleg lågvassføring.

For hovudalternativet er nedbørsfeltet over inntaka på om lag 5,3 km². Restfeltet mellom inntaka og kraftstasjonen er på om lag 1,3 km².


I figurane 6-8 er vassføringa ved inntaket for hovudalternativet framstilt i eit tørt, normalt og eit vått år. Det er lagt inn kurver for naturleg vassføring og for restvannsføring etter utbygging. Det er då føresett at ein då slepper minstevassføringa på 22 l/s, eller heile tilsiget dersom dette er mindre enn denne.



Figur 8. Vassføring tørt år



Figur 9. Vassføring middels år



Figur 10. Vassføring vått år

3.2 Vass temperatur, isforhold og lokalklima

Tiltaket inneber ikkje overføringar av vatn til eller frå andre vassdrag. Temperaturtilhøva i vassdraga vert såleis ikkje endra. Eventuelle temperaturendringar nedstraums inntak vil derfor skuldast redusert vassføring i elvestrekninga mellom inntak og kraftstasjon. Det vil medføre at ein sumarstid vil få noko høgare temperaturtilhøve i vatnet, medan ein om vinteren, i den grad det er vassføring, vil få lågare temperaturtilhøve. Elva er vinterstid stort sett frosen, og ein vil dermed ikkje få nemneverdige endringar i istilhøve mot dagens situasjon. Då desse elvane er relativt små, kan ein ikkje forvente påverknad dei lokalklimatiske forholda.

3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon

Terrenget langs vassdraga består av fjell i dagen og grunne parti med lausmassar. Det er ikkje noko spor etter flaum- og erosjonsproblem langs vassdraga, og ein vil ikkje forvente endringar av dette ved utbygginga. Det er ikkje kjennskap til om det er grunnvassbrønnar i området som kan verta påverka av tiltaket. Men det er uttak til drikkevatn og vatning i Vetleelvi. Utbyggingsselskapet garanterer for sikra vassforsyning også etter utbygging.

3.4 Biologisk mangfold

Avsnitta 3.4 til 3.7 er basert på fagrappport om biologisk mangfold utarbeidd av Ambio miljørådgivning AS, for ytterligare informasjon vennligst sjå vedlegg 9.

Tiltaksområdet er i ein klassisk vestlandsfjord med skogkledde dalsider som går bratt frå fjord til fjell. Det er innslag av myke og kalkrike bergartar i området som gjer at det er eit visst potensial for sjeldne eller uvanleg flora og vegetasjon.

Vasstrengen startar i kote 1100 og renn bratt ned til sjøen. Ein stor høgdegradient gjer at ein passerer fleire natur- og vegetasjonstypar nedover lia. Øvst i feltet er naturtype, vegetasjon og flora prega av snaufjell med høgalpin vegetasjon. Bekkene renn raskt ned i eit tynt belte med gras- og viervegetasjon før dei går inn i ein open beiteprega blåbærbjørkeskog som startar rundt kote 1000. Skogen er stort sett middels gammal. Nedanfor kote 600 får skogen eit aukande innslag av furu og osp, og det er og fleire plantefelt med gran i dette området. Frå kote 100 og ned til sjøen dominerer kulturlandskapet med ei blanding av frukthagar, dyrka mark og naturbeitemark.

Dei lokalitetane som er vurdert til å oppfylle krava til viktig naturtype er ei bekkekloft i Storelvi, eit felt med gammal bjørkeskog på kote 600 og naturbeitemark med styvingstre ovanfor Sandstå. Det vart gjort funn av sju moseartar som er sjeldne eller fåtallige i regionen.

Tema	Type	Sted	Beskrivelse/Økologi	Verdi
Naturtype	Bekkekloft	Storelvi kote 300-400	Artsrik bekkekloft med kalk- og næringskrevende arter.	Middels
Naturtype	Naturbeitemark	Sandstå opp til kote 100	Beitet ugjødslet eng i bratt terrenget omgitt av eldre styvingstrær	Middels - stor
Flora	Evjebekkemose	Matbekken, kote 100	Vannmose, næringskrevende	Liten - middels
Flora	Lurvbekkemose	Matbekken kote 700	Vannmose, næringskrevende	Liten - middels

Flora	Hjulbekkemose	- Matbekken kote 100 - Storelvi kote 300-400 - Vetleelvi kote 1000	Vannmose, næringskrevende	Liten - middels
Flora	Rødmetornemose	- Storelvi kote 300-400 - Vetleelvi kote 1000	Karakterart for bekkekløfter, kalkkrevende og krever høy luftfuktighet	Liten - middels
Flora	Myrsprikemose	- Storelvi kote 300-400	Kalk og næringskrevende fjellart	Liten - middels
Flora	Krattfagermose	- Vetlelvi kote 300	Kalkkrevende	Liten - middels
Flora	Fjellrundmose	- Storelvi kote 300-400	Kalkkrevende fjellart	Liten - middels

Tabell 3: Tabell over viktige førekommstar innanfor det undersøkte området

I tabellen under kan ein sjå dei samla konsekvensane for biologisk mangfald.

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens
Naturtype	Middels	Middels negativt	Middels negativ
Vegetasjon	Liten	Ingen eller ubetydelig	Ingen konsekvens
Flora	Liten-middels	Middels – lite negativt	Liten - middels negativ
Vilt	Middels	Liten negativ	Liten negativ
INON	Stor	Lite – middels negativt	Liten negativ
SAMLET	Middels	Middels – lite negativt	Liten - middels negativ

Tabell 4: Samla oversikt over tiltakets konsekvensar for dei vurderte tema

3.5 Fisk og ferskvassbiologi

Det finst ikkje fiskebestandar knytta til dei berørte delane av vassdraga, då desse har ein topografi og vassføring som gjer den uegna for fisk. Den nedre delen av Storelvi kunne potensielt sett være aktuell for sjøaure, men i dag er elvelaupet heilt steinsatt og uegna for fisk.

Konsekvens for fisk vert vurdert til ingen.

3.6 Flora og fauna

Den dominerande naturtypen i området er blandingslauvskog, men det finst noko eldre bjørkeskog samt fleire ospeholt i tilknyting til tiltaks- og influensområdet. Det er for deler av vasstrengen høg luftfuktighet. Vegetasjon som er knytt til elvestrengane er stort sett forskjellige moseartar. Det er lokalisert sju moseartar som er sjeldne eller fåtallige i regionen. Desse funna er stort sett knytt til Storelvi der det er planar om slepp av minstevassføring. Naturbeitemarka på Sandstå vil ikkje bli berørt av tiltaket.

Fjellsida er eit godt område for kvitryggspett som hekkar her, i tillegg førekjem det noko dvergspett i området. Det er ikkje registrert at det hekkar sårbare eller hensynskrevande rovfuglar eller ugler i området. Berørte vasstrenger er bratte, og utan kulpar eller vasspeil, og er derfor ikkje eigna for habitat for vasstilpassa fuglar som fossekall eller anna vassfugl. Det finst elles fleire pattedyr som er vanlege for området, og hjortestammer blir, på grunn av konflikt med fruktdyrking, haldt nede ved hard avskyting.

Ved alternativ 2 vert Matbekken halden utanom planane. Dette vil føre til at man unngår å røre ved regionalt sjeldne eller fåtallige vasslevande mosar. Den samla konsekvensane for biologisk mangfald vil likevel ikkje verta nemneverdig endra.

Samla konsekvens av tiltaket vert vurdert som ingen konsekvens for vegetasjon, liten-middels negativt for flora og lite negativt for fauna.


3.7 Landskap

Tiltaksområdet ligg i Sørfjorden, som er ein del av Hardangerfjorden. Sørfjordener ein typisk vestlandsfjord med skogkledde dalsider som går bratt frå fjord til fjell. Ovanfor inntaket i Storelvi er det nokre fossefall som er synlege i landskapsbiletet, elles renn elvane stort sett i juv og er dekt av vegetasjon som gjer det vanskelig å sjå vassføringa. Inntaka vert og delvis skjult av vegetasjon.

Rør frå inntak til kraftstasjon vil verta nedgravd, og det vil etter ei viss tid ikkje vera synlege sår i terrenget som følgje av denne. Kraftstasjonen vil bli plassert ved riksvegen og vil få ein utforming som høver for området.

Det vil bli ein reduksjon av INON område som følgje av tiltaket på $3,1 \text{ km}^2$ INON sone 2 og $1,1 \text{ km}^2$ INON sone 1.

Konsekvens for inngrep i INON soner vert vurdert til middels negativ.



Figur 11: Bilete av Storelvi sett frå riksvegen. Pil markerer fossefall ovanfor inntaket. Merk at ingen av elvane/bekkane er synlege elles i terrenget.

Hordaland fylkeskommune har utarbeida ein fylkesdelplan for små vasskraftverk, som vart vedteke av fylkestinget i desember 2009. I denne er planen er Sørfjorden omtala som delområde 9.

Det vert i denne planen peika på bl.a. "Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep..." Gjennom tiltak som nemd tidligare i søknaden (bl.a. flytting av inntaket for å bevare vassføringa i den eine fossen som er synleg i prosjektet, "kamuflering" av inntakskonstruksjonar og nedgraven røyrgate etc.) meiner me at det er gjort tilpasningar i prosjektet som gjere at ein ivaretar dei moment som vert påpeika i fylkesdelplanen.


I tillegg vert det påpeika at "... ut frå at vassdragsnaturen i delar av området er sterkt påverka av store vasskraftutbyggingar vert det viktig å vurdere sumverknad for området ved nye prosjekt."

Her har Storelvi kraftverk, i lag med dei andre utbyggjarane i området fått utarbeida ein rapport angåande sumverknadar av utbygging av kvart av dei ti prosjekta. Temaet i rapporten er konsekvensar for landskap, friluftsliv og reiseliv.

I rapporten ligg Storelvi innanfor delområde 3, og vert i konklusjonen omtala: "Storelvi bidrar mindre til landskapskarakteren (kategori II), og prosjektet er også betydelig mindre konfliktfull." Dei øvrige vurderingane omkring Storelvi kan ein sjå i rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS, samt pkt. 2.6.

3.8 Kulturminne

Det er registrert fleire arkeologiske kulturminne i øvre delar av vassdraget, mellom Storelvi og Matbekken. Det er stort sett stølsområde som vart freda på 1950 -70 talet. Samtlege av kulturminna har ei sikringssone på 5 meter. Vassvegen for overføringa er på det nærmeste ca. 21 meter frå nærmeste registrerte minne. Ingen av dei registrerte minna vil koma i konflikt med vassvegar i området. Dersom det under utbygginga skulle dukke opp nye kulturminne er det mulig å endre trasevalet på overføringa, samt at dei rette instansar sjølvsagt vil verta varsle om dette.



Figur 12: Kart med oversikt av overføringa frå Matbekken(oransje strek). Dei registrerte kulturminna er inntekna med raude sirklar.

3.9 Landbruk

